



Ot.prp. nr. 94

(2004–2005)

Om lov om endringer i folketrygdlova og alkohollova (samleproposisjon våren 2005)

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet av 13. mai 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Arbeids- og sosialdepartementet gjer med dette framlegg til endringar i

- lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- lov 17. desember 2004 nr. 85 om lov om endringar i folketrygdlova og i enkelte andre lover
- lov 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv.

I proposisjonen blir det gjort framlegg om materielle endringar i folketrygdlova som er forslått i Revidert nasjonalbudsjett for 2005. Endringane i alkohollova gjeld i hovudsak materielle endringar knytte til budsjettframlegget for 2005.

Endring i folketrygdlova gjeld:

- *Utvida rett til omsorgspengar for foreldre med fleire kronisk sjuke eller funksjonshemma barn (punkt 2)*

Retten til omsorgspengar for foreldre med fleire kronisk sjuke eller funksjonshemma barn blir utvida slik at kvar av foreldra får 10 stønadsdagar ekstra for kvart kronisk sjukt eller funksjonshemma barn ut over eitt barn.

Endringane i lov om endringar i folketrygdlova og i enkelte andre lover gjeld:

- *Endring av bestemminga om iverksetjing av eit delansvar for arbeidsgivar for sjukepengar i trygdeperioden (punkt 3)*

På grunn av den seinaste utviklinga i sjukefråværet blir det fremma forslag om å ikkje setja i verk delansvar for arbeidsgivar.

Endringane i alkohollova gjeld:

- *Avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved innkomst til norske flyplassar (punkt 4)*

Lovendringane i alkohollova vil, saman med dei endringane som blei gjort i samband med budsjetthandsaminga for 2005, opna for avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved innkomst til norske flyplassar frå utlandet.

- *Presisering av heimel (punkt 5)*

Presisering av heimel til å gi føresegner om omsetning av alkoholhaldig drikk o.a. på Svalbard, Jan Mayen og kontinentalsokkelen.

- *Retting (punkt 6)*

Forslaget til endringar i alkohollova § 1-7b i Ot.prp. nr. 86 (2003–2004) blei endra i samband med trykking av Innst. O. nr. 19 (2004–2005). Dette var ikkje tilsikta. Departementet gjentek her forslaget frå Ot.prp. nr. 86 (2003–2004).

Ein reknar med at forslaget om å auke talet på dagar med omsorgspengar for familiar med kronisk sjuke eller funksjonshemma barn vil gi meir-utgifter på om lag 0,5 mill. kroner i 2005 og 1 mill. kroner på årsbasis.

Dei samla provenyverknadene av forslaget om å opna for avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved innkomst til norske flyplassar frå utlandet er truleg

små. For toll- og avgiftsetaten vil ordninga kunna føra til noko auke i ressursbehovet knytt til kontroll. Forslaget om ei presisering av heimel til å gi føresegner om omsetning av alkoholhaldig drikk o.a. på Svalbard, Jan Mayen og kontinentalsokkelen, vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar. Forslag til ny ordlyd i alkohollova § 1-7b vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

2 Auke i talet på dagar med omsorgspengar for familiar med fleire kronisk sjuke eller funksjonshemma barn – folketrygdlova § 9-6 andre ledd

2.1 Innleiing

For at foreldre lettare skal kunne kombinere yrkesaktivitet og omsorg for fleire funksjonshemma barn foreslår departementet at retten til omsorgspengar for foreldre med fleire kronisk sjuke eller funksjonshemma barn blir utvida slik at kvar av foreldra får 10 stønadsdagar ekstra for kvart kronisk sjukt eller funksjonshemma barn ut over eitt barn.

2.2 Bakgrunn

Foreldre som får barn med nedsett funksjonsevne skal få tilstrekkeleg hjelp frå det offentlege for å kunne meistre ein vanskeleg livssituasjon og kunne fungere i arbeidslivet på lik linje med andre. Foreldre med fleire kronisk sjuke eller funksjonshemma barn har behov for fleire dagar med omsorgspengar for å ta seg av barna når dei er sjuke. Dette har vore peika på både av brukarorganisasjonar og trygdeetaten.

2.3 Gjeldande rett

Ein arbeidstakar med omsorg for barn kan få omsorgspengar i opptil 10 dagar ved barnets sjukdom til og med kalenderåret barnet fyller 12 år. Foreldre med tre eller fleire barn får 15 dagar kvar. Foreldre som er aleine om omsorga har rett til 20 dagar for opp til to barn og 30 dagar frå og med tre barn.

Foreldre med kronisk sjuke eller funksjonshemma barn kan få omsorgspengar med 20 dagar til kvar av foreldra til og med det året barnet fyller 18 år. Talet er 20 dagar for kvar av foreldra uavhengig av kor mange funksjonshemma eller funksjonsfriske barn dei har omsorg for. Foreldre som er aleine om omsorga har rett til 40 dagar med

omsorgspengar. For å få utvida rett til fleire stønadsdagar, må trygdekontoret godkjenne at barnet er kronisk sjukt eller funksjonshemma. Arbeidsgivaren betalar dei første 10 dagane med omsorgspengar til kvar av foreldra. Omsorgspengar utover 10 dagar betalar trygda.

2.4 Departementet si vurdering og forslag

I dag tas det ikkje omsyn til kor mange kronisk sjuke eller funksjonshemma barn ein arbeidstakar har omsorg for. Ein familie kan ikkje få omsorgspengar for meir enn maksimalt 40 dagar totalt (samla for to foreldre eller for einsleg forelder). Med andre ord får familiar med tre eller fleire barn samla berre 10 dagar ekstra om eitt eller fleire av barna er kronisk sjuke eller funksjonshemma.

Tabell 2.1 viser at dagens reglar ikkje tar omsut til familiar med fleire sjuke eller funksjonshemma barn, da talet på dagar med omsorgspengar maksimalt er 40 dagar.

Departementet ønskjer endringar for betre å dekkje behovet for omsorgspengar til familiar med fleire kronisk sjuke eller funksjonshemma barn, da omsorga for desse barna ofte fører til behov for fleire stønadsdagar enn det som er mogeleg i dag.

Departementet foreslår derfor å endre ordninga slik at ho blir utvida med 10 stønadsdagar per forelder for kvart kronisk sjukt eller funksjonshemma barn i tillegg til det dei har krav på ut frå kor mange barn dei har (10 eller 15 dagar per forelder).

Foreldre som har eitt kronisk sjukt eller funksjonshemma barn får same rett som i dag, til saman 40 dagar. Foreldre med 2 friske og eitt funksjonshemma barn vil få til saman 50 dagar, og foreldre med 2 funksjonshemma barn vil få 60 dagar.

Tabell 2.2 viser at endringa inneber at kvart kronisk sjukt eller funksjonshemma barn vil utløyse fleire dagar med omsorgspengar. Skjemaet viser berre opp til tre kronisk sjuke eller funksjonshemma barn, men talet på dagar med omsorgspengar vil auke dersom det er fleire.

Tabell 2.1 Stønadsdagar med omsorgspengar ved barns sjukdom etter dagens reglar. Per arbeidstakar/per foreldrepar eller per einsleg forelder.

Barn totalt	Barn med kronisk sjukdom/ funksjonshemming			
	0	1	2	3
1	10/20	20/40		
2	10/20	20/40	20/40	
3	15/30	20/40	20/40	20/40

Tabell 2.2 Stønadsdagar med omsorgspengar etter endringa. Per arbeidstakar/per foreldrepar eller per einsleg forelder.

Barn totalt	Barn med kronisk sjukdom/ funksjonshemming			
	0	1	2	3
1	10/20	20/40		
2	10/20	20/40	30/60	
3	15/30	25/50	35/70	45/90

2.5 Ot.prp. nr. 49 (2004-2005) – arbeidsmiljølova

I Ot.prp. nr. 49 (2004–2005) om lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) er det lagt fram forslag i § 12-9 om barns- og barnepassers sjukdom, at arbeidstakar i alle tilfelle har rett til permisjon når det blir ytt omsorgspengar, pleiepengar eller opplæringspengar frå folketrygda.

Forslaget i arbeidsmiljølova vil sikre rett til permisjon i samsvar med endringa om utvida rett til omsorgspengar.

2.6 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Lovendringa er foreslått å tre i kraft 1. juli 2005. Meirutgiftene for folketrygda er rekna til omlag 0,5 mill. kroner i 2005 og 1 mill. kroner på årsbasis. Administrative konsekvensar vil vere små.

3 Iverksetjing av delansvar for arbeidsgivar for sjukepengar i trygdeperioden – lov 17. desember 2004 nr. 85 om endringar i folketrygdlova og i enkelte andre lover IV nr. 2

3.1 Innleiing

Eit sentralt mål i Intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv er å redusere sjukefråværet. Det er formulert eit operativt mål om å redusere sjukefråværet med minst 20 prosent for heile avtaleperioden i høve til nivået for sjukefråværet i 2. kvartal 2001. Ved framlegging av budsjettet for 2005 var det usikkert om nedgangen i sjukefråværet som blei registrert for andre kvartal 2004 skulle halda fram. Regjeringa meinte difor at arbeidet med å redusere langtidssjukefråværet måtte intensiverast, og fremma forslag om endringar i regelverket for sjukepengar.

Regjeringa foreslo at arbeidsgivaren får eit delansvar for sjukepengar på 10 prosent i heile sjukepengeperioden. Det blei foreslått at arbeidsgivarane får delvis kompensasjon for dette ved å redusere dagane i arbeidsgivarperioden frå 16 til 14 kalenderdagar. Det vert foreslått at skjermingsordninga for personar med kroniske sjukdomar blei utvida til også å gjelde delansvaret for arbeidsgivarane i perioden med sjukepengar frå trygda. Vidare blei det foreslått at forsikringsordninga for mindre bedrifter blei utvida til å dekkje delansvaret for arbeidsgivaren, og at forsikringa skal gjelde bedrifter med ei samla lønnsutbetaling opp til 80 gonger grunnbeløpet (i dag 40 gonger grunnbeløpet).

Grunngjevinga for endringane var å gjere det meir lønnsamt for bedriftene å motverke lange sjukefråværet. I den gjeldande ordninga ligg det ingen direkte økonomiske grunnar for arbeidsgjevar til å motverke fråværet utover arbeidsgivarperioden.

Som ein del av budsjettforliket i Stortinget blei lova vedtatt med iverksetjing frå 1. juli 2005. I avtalen mellom regjeringspartia og Fremskrittspartiet heiter det:

”Ikrafttredelse utsettes til 1. juli 2005. Partene vil be Regjeringen foreta en ny vurdering av forslaget, dersom det viser seg at fraværet går ned mer enn forventet.”

På grunn av den seinaste utviklinga i sjukefråværet blir det fremma forslag om ikkje å setje i verk dette lovvedtaket 1. juli 2005 som tidligare vedtekte.

3.2 Utviklinga i sjukefråværet

Det samla sjukefråværet blei redusert frå 8,5 til 6,4 prosent frå 4. kvartal 2003 til 4. kvartal 2004. Det legemeldte sjukefråværet blei redusert frå 7,4 til 5,5 prosent, medan det eigenmeldte fråværet var 1,0 prosent i begge kvartaler. Den prosentvise nedgangen frå 4. kvartal 2003 til 4. kvartal 2004 var på nærare 25 prosent. Det er nedgang i sjukefråværet i alle næringar og i alle fylke. Statistikken viser at også langtidssjukefråværet over 12 veker går ned, og at langt færre bruker opp heile sjukepengeperioden.

Som ein konsekvens av det reduserte sjukefråværet blir det nå lagt til grunn ei reduksjon i folketrygdas utgifter til sjukepengar på nærare 3 ½ mrd. kroner, sjå Stortingsproposisjon til Revidert nasjonalbudsjett for 2005.

Utgiftene til sjukepengar og omfanget av sjukefråværet er nå monaleg mindre enn det som var venta i samband med budsjettvedtaka for 2005. Sjukefråværsreduksjonen registrert dei siste 9 månadene kan truleg forklarast av endringane i regelverket for sjukepengar som blei innført frå 1. juli

2004, sjå Ot. prp. nr. 48 (2003–2004) og Innst. O. nr. 81 (2003–2004). Desse reglane stiller større krav til aktivitet både frå lege, arbeidstakar og arbeidsgivar. Så tidleg som mogleg i ein sjukmeldingsperiode, og seinast innan 8 veker, skal arbeidstakaren prøve seg i arbeidsretta aktivitet for å motverke unødvendig lange sjukefråvær.

Status i forhold til måloppnåing vil bli gjort opp i samband med evalueringa av IA-avtalen hausten 2005. Dette vil bli gjort både i forhold til utviklinga i sjukefråværet og i forhold til å tilsetje langt fleire arbeidstakarar med redusert funksjonsevne og å auke den reelle pensjoneringsalderen.

3.3 Vurdering og forslag

På bakgrunn av utviklinga i sjukefråværet i den seinare tida vil Regjeringa ikkje setje i verk dette lovvedtaket, men avvente mellom anna resultata av evalueringa av IA-avtalen. I etterkant av evalueringa vil regjeringa i samråd med partane i avtalen drøfte grunnlaget for det vidare samarbeid om eit meir inkluderande arbeidsliv.

Departementet foreslår å oppheve iverksetjingstidspunkt 1. juli 2005 og gjer framlegg om at iverksetjingstidspunktet for lovvedtaket om delansvar for arbeidsgivar for sjukepengar i trygdeperioden skal fastsetjast ved særskilt lov.

4 Avgiftsfritt sal ved innkommst til flyplassar frå utlandet – alkohollova § 3-1 første og andre ledd og § 3-3

4.1 Innleiing

Departementet foreslår endringar i alkohollova som, saman med dei endringar som blei gjort i samband med budsjetthandsaminga for 2005, vil opna for avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved innkommst til norske flyplassar frå utlandet.

4.2 Bakgrunn

I samband med budsjettframlegget for 2005 og handsaminga av dette blei det vedteke å opna for avgiftsfritt sal ved innkommst til norske flyplassar frå utlandet. Sjå St.prp. nr. 1 (2004–2005) Skatte-, avgifts- og tollvedtak, Ot.prp. nr. 1 (2004–2005) Skatte- og avgiftsopplegget 2005 – lovendringer, B.innst. S. nr. 1 (2004–2005) og Innst. O. nr. 10 (2004–2005) for nærare informasjon om bakgrunnen for saka.

I budsjettdokumenta varsla regjeringa at det stod att nødvendige avklaringar knytt til lovverket

før ordninga kunne bli sett i kraft. Regjeringa legg her fram forslag til lovendringar i alkohollova. Desse lovendringane vil, saman med dei regelendringar som blei gjort i samband med budsjettframlegget for 2005 og handsaminga av dette, opna for avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved innkommst til norske flyplassar frå utlandet.

4.3 Departementet si vurdering og forslag

4.3.1 Avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved innkommst – behov for endringar i alkohollova

I lov 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. (alkohollova) § 1-2 første ledd heiter det at lova gjeld for "innførsel til, utførsel fra, og omsetning av alkoholhaldig drikk i Norge". Dette inneber at avgiftsfritt sal på norske flyplassar i utgangspunktet er omfatta av reglane i alkohollova. Kapittel 3 i alkohollova inneheld reglar om at sal av alkoholhaldig drikk i Noreg krev løyve. Alle reie i dag gjeld eit unntak frå dette: Det gjeld ikkje noko krav om løyve ved avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved utreise frå norske flyplassar. Avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved innkommst til norske flyplassar er derimot omfatta av kravet om løyve.

Vedtaket om å opna for avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved innkommst til norske flyplassar krev derfor, viss ordninga skal gjelda på dei same premissane som det avgiftsfrie salet som i dag fins for personar som skal reisa ut frå Noreg frå norske flyplassar, at det blir gjort endringar i alkohollova.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår her å endra alkohollova slik at avgiftsfritt sal ved innkommst til norske flyplassar frå utlandet blir unntatt plikta til løyve etter alkohollova.

Departementet foreslår at retten til slikt sal i staden blir knytt til tillating frå toll- og avgiftsetaten. Dette tilsvare det unntaket og den ordninga som gjeld for avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved utreise frå norske flyplassar til utlandet. Departementet legg til grunn at slike tillatingar, på same måte som dei tillatingane som i dag fins for avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved utreise frå flyplassar i Noreg, berre skal gi rett til å selja den avgiftsfrie kvota.

Når det gjeld ordninga i dag for avgiftsfritt sal ved utreise, er det fast praksis for at tillating til slikt sal ikkje kan omfatta sal til personar som skal til Svalbard. Då det ikkje er tillete å oppbevare alkoholhaldig drikk på installasjonar i Nordsjøen etc., skjer det heller ikkje avgiftsfritt sal til personar som er på vei til slike installasjonar. Den nye ordninga med avgiftsfritt sal ved innkommst er meint å spegla ordninga for avgiftsfritt sal ved utreise.

Departementet foreslår å presisera i lova at ordninga skal avgrensast mot reisande som kjem frå og skal til Svalbard, Jan Mayen og kontinentalsokkelen. Dette inneber at det ikkje vil vera høve til å gi tillatingar til avgiftsfritt sal til personar som kjem frå eller skal til Svalbard, Jan Mayen og installasjonar på kontinentalsokkelen.

Sjå utkast til endringar i § 3-1 i alkohollova og utkast til ny § 3-3 i alkohollova.

Departementet har også vurdert unntaket for løyveplikta i eit EØS-perspektiv. Ein vil kunne bli møtt med påstandar om at ei utviding av dagens ordning for avgiftsfritt sal står i motsetnad til dei viktige helse- og sosialpolitiske omsyn som ligg til grunn for monopolordninga, og som er grunnlaget for at denne ordninga kan halda fram under EØS-avtalen. Det vil då kunne framhaldast at endringane på sikt vil føre til press på monopolordninga.

Departementet meiner at det ikkje vil vera hald i ein slik argumentasjon. Forslaget til unntak frå løyveplikta inneber ikkje noko prinsipiell endring i den eineretten som Vinmonopolet har i dag til sal av drikk som inneheld meir enn 4,7 volumprosent alkohol i Noreg. Særskilt vil departementet peika på dei klare avgrensingane som ligg til grunn for endringa. Det skjer ikkje noko utviding av det høve som ein alt i dag har til å ta ei avgrensa tollfri kvote inn i norsk tollområde. Ein vil framleis ha dagens kvoter og krav til reisefråvær utanfor Riket.

4.3.2 *Finansdepartementet sine reglar om avgifter o.a.*

På toll- og avgiftsområdet har Stortinget vedteke lov- og vedtaksendringar som gir høve til avgiftsfritt sal ved innkomst til norske flyplassar frå utlandet, jf. B.innst. S. nr. 1 (2004–2005) og Innst. O. nr. 10 (2004–2005). Sjå tolltariffen innleiande reglar § 24 nr. 1 bokstav d nytt andre punktum og lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift (meirverdiavgiftslova) § 16 første ledd ny nr. 15.

Stortinget sine vedtak inneber ikkje endringar i den toll- og avgiftsfrie kvota. Dei avgiftsfrie utsala vil framleis ikkje ha rett til å selja meir enn kvota, og toll- og avgiftsetaten sin kontroll vil bli oppretthalden som tidlegare.

I medhald av tolltariffen § 24 nr. 1 bokstav d andre punktum kan toll- og avgiftsetaten avgjera om og i kva omfang det kan seljast varer frå avgiftsfritt utsal til reisande ved innkomst til norske flyplassar og som oppfyller vilkåra for toll- og avgiftsfritak, jf. tolltariffen § 11 nr. 10. Etter stortingsvedtaka om særavgift på mellom anna alkohol, tobakkvarer og sjokolade- og sukkervarer gjeld dei innleiande reglane i tolltariffen § 24 nr. 1 tilsvarande.

Meirverdiavgiftslova § 16 første ledd nr. 15 fastset at det ikkje skal svarast meirverdiavgift av omsetnad av alkoholhaldig drikk, tobakkvarer, sjokolade- og sukkervarer, parfymar, kosmetikk og toalettpreparatar i transittshall ved flyplass.

Tillating til avgiftsfritt sal på flyplass blir gitt av toll- og avgiftsetaten i form av løyve til tollager C, jf. føresegn 15. desember 1967 nr. 8962 til lov 10. juni 1966 nr. 5 om toll (tollova) punkt 7.5. Slike løyve kan gis på nærare vilkår, jf. tollova § 48. Slike vilkår kan til dømes vera krav til kor butikkklokale blir plasserte og korleis dei blir utforma.

Føresegn 10. januar 2003 nr. 32 om toll- og avgiftsfri innførsel og forenklet fortolling av reisegods (reisegodsføresegna) er vedteke i medhald av dei innleiande reglane i tolltariffen § 11 nr. 10. Reisegodsføresegna fastset mellom anna den toll- og avgiftsfrie kvota som vil gjelda tilsvarande for varer kjøpt avgiftsfritt ved innkomst.

Det vil og bli vedteke endringar i toll- og avgiftsregelverket som presiserer at reisande frå Svalbard, Jan Mayen eller installasjonar på kontinentalsokkelen ikkje vil ha rett til å handla avgiftsfrie varer ved innkomst. Dette er i samsvar med gjeldande praksis ved utreise. Dei nye reglane vil ikkje gi rett til forenkla fortolling av avgiftsfrie varer kjøpt ved innkomst. Dei nye reglane vil dels bli fastsette i reisegodsføresegna og dels som vilkår i tollagerløyva. Det presiserast at det ikkje blir endringar når det gjeld den tollfrie kvota som reisande kan ta med seg frå Svalbard.

Departementet viser og til omtale av saka i St.meld. nr. 2 (2004–2005) om revidert budsjett for 2005.

4.3.3 *Særskilt om avgiftsfritt sal ved utreise frå norske flyplassar*

Som nemnd i punkt 4.3.1, er hovudregelen at sal av alkoholhaldig drikk i Noreg krev løyve. Unntatt frå dette er allereie i dag avgiftsfritt sal ved utreise frå Noreg. Unntaket er ikkje omtvista, men bør få ein klarare lovheimel. Regelen er i dag vanskeleg tilgjengeleg då det ikkje er lett å forstå korleis regelverket heng saman utan å konsultera forarbeida til alkohollova.

Av pedagogiske grunner foreslår Arbeids- og sosialdepartementet derfor at dagens unntak for avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved utreise lovfestast på tilsvarande måte som det nye unntaket for avgiftsfritt sal ved innkomst til norske flyplassar, jf. punkt 4.3.1 og forslaget til endringar i alkohollova § 3-1 og ny § 3-3. Forslaget inneber ikkje realitetsendringar.

4.3.4 Generelt om tilknytninga til alkohollova

Arbeids- og sosialdepartementet vil presisera at forslaget om at avgiftsfritt sal ved innkost til norske flyplassar frå utland ikkje skal omfattast av løyveplikta etter alkohollova kapittel 3, ikkje inneber noko generelt unntak frå alkohollova for slikt sal.

Forslaget inneber unntak frå dei av reglane i alkohollova som er knytt til løyve til sal av alkoholhaldig drikk. Til dømes vil ikkje reglane i §§ 1-7b Krav til bevillingshaver og andre personer, 1-7c Styrer og stedfortreder, 3-7 Tidsinnskrenkningar for salg og utlevering av øl (opningstidene) gjelda for dei tillatingar toll- og avgiftsetaten gir til slikt sal. Dette fordi desse reglane er kopla til løyve etter alkohollova kapittel 3 til sal av alkoholhaldig drikk, og ikkje til tillatingar frå toll- og avgiftsetaten.

På den andre sida vil dei andre (generelle) reglane i alkohollova gjelda for dette salet. At det blir gjort unntak frå løyveplikta for avgiftsfritt sal ved utreise frå og innkost til norske flyplassar frå utlandet, inneber altså ikkje at alkohollova ikkje gjeld slikt sal. Alkohollova gjeld all omsetnad og såleis alt sal i Noreg. Dei reglane i alkohollova som ikkje er knytt konkret opp mot løyveordningane, vil derfor gjelda i tilknytning til tillating gitt av toll- og avgiftsetaten. Til dømes gjeld forboda mot reklame for alkoholhaldig drikk og mot å dela ut alkoholhaldig drikk med marknadsføring som siktemål fullt ut på norske flyplassar, medrekna i transittområde og i utsal der tillating til sal er gitt av toll- og avgiftsetaten. Slik er det i dag for utsal som sel avgiftsfrie produkt til personar som skal reise ut frå Noreg, og slik vil det og vera for den nye ordninga med avgiftsfritt sal til personar som kjem til norske flyplassar frå utlandet. Det skal og presiserast at unntaket gjeld reglane om løyve til sal av alkoholhaldig drikk, og ikkje reglane om løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk. Med andre ord vil det framleis vera krav om kommunalt løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk for verksemder som ynskjer å servera alkoholhaldig drikk til reisande som oppheld seg på norske flyplassar på veg til eller frå Noreg.

4.4 Iverksetjing og overgangsreglar. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at lova skal gjelda frå den tid Kongen fastset, og at Kongen kan setja i kraft dei enkelte delane av lova til ulik tid. Departementet vil arbeida for at lova skal kunna setjast i kraft 1. juli 2005.

Departementet foreslår vidare at Kongen kan fastsetja nærare overgangsreglar.

Som nemnd i Revidert nasjonalbudsjett for 2004 og i St.prp. nr. 1 (2004–2005) Skatte-, avgifts- og tollvedtak, kan forslaget om sal av avgiftsfrie

varer ved innkost til norske flyplassar frå utlandet medverka til ei noko auka import av avgiftsfrie kvoter. Dette kan medføra ei noko lågare innlandsk omsetnad av varer, til dømes alkoholhaldig drikk og tobakk, som det er lagt avgifter på i Noreg. Denne verknaden er truleg liten, slik at dei samla provenyverknadene av forslaget er små.

For toll- og avgiftsetaten vil ordninga kunna føra til noko auke i ressursbehovet knytt til kontroll. Det er sannsynleg at dei økonomiske og administrative konsekvensane vil bli minimale for toll- og avgiftsetaten, og at dei kan dekkast innafor den eksisterande budsjettramma.

5 Alkohollosas verkeområde – presisering – alkohollova § 1-2

Arbeids- og sosialdepartementet vil visa til at alkohollova § 1-2 lyder som følgjer:

”Loven får anvendelse på innførsel til, utførsel fra, og omsetning av alkoholholdig drikk i Norge.

Departementet kan gi forskrifter om lovens anvendelse på Svalbard, Jan Mayen og kontinentalsokkelen.”

Som varsla i høyringsbrev av 1. mars 2005, tar departementet sikte på å senda på høyring forslag om revisjon av føresegn 11. desember 1998 nr. 1300 om alkoholordninga for Svalbard. Tilsvarende gjeld føresegn 11. desember 2000 nr. 1543 om alkoholordninga for Jan Mayen.

I samband med førebuingane til revisjonen av føresegnene ser departementet at heimelen i alkohollova § 1-2 er noko uheldig utforma. Etter andre ledd kan det gis føresegn om ”lovens anvendelse” på Svalbard, Jan Mayen og kontinentalsokkelen. For å sikra ein klar heimel foreslår departementet at heimelen blir presisert. Sjø utkast til endring av § 1-2.

Forslaget vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår at endringa skal gjelda frå den tid Kongen fastset. Departementet reknar med at endringa vil kunna setjast i kraft 1. juli 2005.

6 Retting – alkohollova § 1-7b

Arbeids- og sosialdepartementet vil visa til Ot.prp. nr. 86 (2003–2004), jf. Innst. O. nr. 19 (2004–2005), Besl. O. nr. 20 (2004–2005), jf. lov 17. desember 2004 nr. 86.

Ved ein inkurie er forslaget til ny ordlyd i alkohollova § 1-7b blitt endra i samband med trykking

av Innst. O. nr. 19 (2004–2005). Dette inneber at det foreslåtte tredje ledd bokstav c er fallen ut og erstatta med det foreslåtte fjerde ledd, mens dei foreslåtte femte og sjette ledd er blitt fjerde og femte ledd. Endringa er vedteken, men ikkje treden i kraft. Det er ikkje noko haldepunkt i Innst. O. nr. 19 (2004–2005) som skulle tilseia at endringa er villa frå komiteen si side. Departementet legg derfor til grunn at endringa frå forslaget i Ot.prp. nr. 86 (2003–2004) ikkje er tilsikta.

Departementet foreslår derfor at alkohollova § 1-7b skal endrast i samsvar med det opphavlege forslaget i Ot.prp. nr. 86 (2003–2004).

Forslaget vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår at endringa skal gjelda frå den tid Kongen fastset. Departementet reknar med at endringa vil kunna setjast i kraft 1. juli 2005.

7 Merknader til dei einskilde paragrafane i lovforslaget

7.1 Endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd

Til § 9-6

Regelen gjeld tal på dagar med omsorgspengar ved barns sjukdom. Endringa inneber at foreldre med fleire kronisk sjuke eller funksjonshemma barn får utvida talet på dagar med omsorgspengar i høve til kor mange barn dei har som er kronisk sjuke eller funksjonshemma.

7.2 Endring i lov 17. desember 2004 nr. 85 om lov om endringar i folketrygdlova og i enkelte andre lover

I IV nr. 2 er iverksetjingstidspunktet for innføring av delansvar for arbeidsgivar for sjukepengar i trygdeperioden satt til 1. juli 2005. Ein foreslår at iverksetjingstidspunktet for lovvedtaket skal fastsetjast ved særskilt lov.

7.3 Endringar i lov 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv.

Til § 1-2

Heimelen til å gi føresegner om samanhengen mellom alkohollova og Svalbard, Jan Mayen og konti-

nentalsokkelen presiserast, slik at det går klart fram at heimelen omfattar både å gi føresegner om i kva grad reglane i alkohollova skal gjelda på Svalbard, Jan Mayen og kontinentalsokkelen og å gi føresegner om kva eventuelle særlege reglar som, grunna forholda på staden, skal gjelda for omsetnad her.

Til § 1-7b

Forslaget er identisk med forslaget i Ot.prp. nr. 86 (2003–2004). Sjå denne proposisjonen, samt dei generelle merknadene i punkt 6 i proposisjonen her.

Til § 3-1

Første og andre ledd inneheld reglane om kven som kan selja alkoholhaldig drikk. Første ledd slår fast at sal av alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnehald enn 4,7 volumprosent berre kan skje frå AS Vinmonopolet sine utsal med kommunalt løyve. Andre ledd slår fast at sal av annan alkoholhaldig drikk berre kan skje frå utsal som har kommunalt løyve til slikt sal. Begge ledd får eit tillegg om at sal av alkoholhaldig drikk og kan skje på grunnlag av tillating som nemnd i § 3-3, dvs. tillating til avgiftsfritt sal gitt av toll- og avgiftsetaten. Sjå og merkna-dene til § 3-3.

Til § 3-3

I første ledd blir gjeldande rett om at tillating til avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved utreise frå norske flyplassar kan gis av toll- og avgiftsetaten presisert. I tillegg inneheld leddet den nye regelen om at tillating til avgiftsfritt sal av alkoholhaldig drikk ved innkomst til norske flyplassar frå utland kan gis av toll- og avgiftsetaten. Det presiserast vidare at tillating til avgiftsfritt sal ikkje kan gis for sal til personar på reise til eller frå Svalbard, Jan Mayen og installasjonar på kontinentalsokkelen.

I andre ledd blir det presisert at regelen i § 3-1 sjette ledd, om at det berre kan seljast alkoholhaldig drikk som er levert av ein som har ein av dei nærare presiserte løyve eller tillatingar, gjeld tilsvarende for avgiftsfritt sal etter tillating frå toll- og avgiftsetaten etter første ledd.

Arbeids- og sosialdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i folketrygdlova og alkohollova.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i folketrygdlova og alkohollova i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endringer i folketrygdlova og alkohollova

I

Lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd blir endra slik:

§ 9-6 andre ledd skal lyde:

Dersom en arbeidstaker *har kronisk syke* eller *funksjonshemmete* barn og dette fører til en markert høyere risiko for fravær fra arbeidet, ytes det omsorgspenger *etter reglene i første ledd med tillegg av 10 stønadsdager for hvert kronisk sykt eller funksjonshemmet barn*. Når arbeidstakeren er alene om omsorgen, *dobles antall stønadsdager*

II

Lov 17. desember 2004 nr. 85 om lov om endringer i folketrygdlova og i enkelte andre lover blir endra slik:

I IV nr. 2 skal formuleringa "trer i kraft 1. juli 2005" endrast til "trer i kraft ved særskilt lov".

III

Lov 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv. blir endra slik:

§ 1-2 andre ledd skal lyde:

Departementet kan gi forskrifter om lovens anvendelse på Svalbard, Jan Mayen og kontinental-sokkelen *og kan fastsette særlige regler under hensyn til de stedlige forhold*.

§ 1-7 b tredje og fjerde ledd skal lyde:

I vurderingen av om en person har vesentlig innflytelse på virksomheten, kan det også tas hensyn til personens nærstående innflytelse på virksomheten. Med nærstående menes

1) ektefelle eller person som vedkommende bor sammen med i ekteskaplignende forhold

2) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje, samt søsken

3) *ektefelle til eller person som bor sammen med person som nevnt i nummer 2 i ekteskaplignende forhold*

Ved vurderingen av bevillingshavers og andre personersandel etter første ledd kan det ikke tas hensyn til forhold som er eldre enn 10 år.

Nåverande § 1-7b fjerde og femte ledd blir femte og sjettede ledd.

§ 3-1 første og andre ledd skal lyde:

Salg av alkoholholdig drikk med høyere alkoholinnhold enn 4,7 volumprosent kan bare foretas av AS Vinmonopolet på grunnlag av kommunal bevilling, *eller på grunnlag av tillatelse som nevnt i § 3-3*.

Salg av annen alkoholholdig drikk enn nevnt i første ledd kan bare foretas på grunnlag av kommunal bevilling, *eller på grunnlag av tillatelse som nevnt i § 3-3*. Det gjelder også der salget skal drives av et selskap som helt eller delvis eies av kommunen. Bevillingen gjelder for et bestemt lokale og en bestemt type virksomhet. Salgsbevilling kan ikke utøves sammen med skjenkebevilling i samme lokale.

Ny § 3-3 skal lyde:

§ 3-3. Salg av alkoholholdig drikk på flyplasser

Avgiftsfritt salg av alkoholholdig drikk kan skje etter tillatelse fra toll- og avgiftsetaten. Tillatelse kan kun gis for salg til reisende på vei til utland fra norske flyplasser eller til reisende som ankommer norske flyplasser fra utland. Tillatelse kan ikke gis for reisende på vei til eller fra Svalbard, Jan Mayen og kontinentalsokkelen.

For slikt salg gjelder § 3-1 sjettede ledd tilsvarende.

IV

Ikraftsetjings- og overgangsføresegner

1. Endringane i folketrygdlova § 9-6 andre ledd trer i kraft 1. juli 2005.
2. Endringane i lov i lov 17. desember 2004 nr. 85 om lov om endringer i folketrygdlova og i enkelte andre lover punkt IV nr. 2 trer i kraft straks.
3. Endringane i alkohollova § 3-1 første og andre ledd og § 3-3 gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan fastsetje nærare overgangsreglar.
4. Endringane i alkohollova § 1-2 andre ledd og § 1-7 b skal gjelde frå den tid Kongen fastset.

